
Vår referanse 2020/59285-3
Dato 27.07.2020

ARKITEKTKONTORET BØRTVEIT & CARLSEN AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Svar - dispensasjon frå byggegrense og utvida bruk av avkøyrslø – fv 565 – gnr 132 bnr 36 - Austrheim kommune

Vi viser til søknad om dispensasjon frå byggegrense og utvida bruk av avkøyrslø for oppføring av to nye bustadhus på gnr. 132 bnr. 36 i Austrheim kommune.

Vi viser til søknad av 26.06.2020.

Vedtak dispensasjon

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 565 for å etablere 2 bustadar på gnr. 132 bnr. 36 i Austrheim kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, vedlagt søknad datert 26. juni 2020.
2. Avstanden frå næraste bygningsdel (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 565 skal vera minst 40 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomstilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Bygningane må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 565.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Bygningane vil liggja i god avstand frå fylkesveg 565 og vil ikkje ta sikt i avkøyrslø. Oppføringa vil heller ikkje vere til hinder for vegvedlikehald.

Vedtak avkøyrslø

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrslø frå fylkesveg 565 til gnr. 132 bnr. 36 i Austrheim kommune.

Avkøyrsla er ikkje lovleg før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

Vilkår for løyvet

-
- 1. Avkøyrsla skal vera plassert i samsvar med situasjonsplan, vedlagt søknad datert 26.06.2020. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrsla*, som ligg ved.
-
- 2. Løyvet gjeld utvida bruk av avkøyrsla for 2 nye bustadar pågnr. 132 bnr. 36 i Austrheim kommune.
- 3. Dersom postkassestativet som ligg i tilknytning til avkøyrsla kjem i konflikt med siktsona må det flyttast.
- 4. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentleg veg.
- 5. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsla, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
-
- 6. Dersom avkøyrsla går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyrret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Krav til utforming av avkøyrsla*.
- 7. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.
- 8. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsla* underskrivast og sendast i retur for endeleg godkjenning.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsla frå.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

Hege Løtveit
Leiar

Janne Grønli
overingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Lov om vegar §§ 40 -43
- 2 Løyve+til+avkøyrsl+mal
- 3 Melding om opparbeidd avkøyrsl
- 4 Melding om rett til å klage x-0073n[1]